



KARMØY KOMMUNE
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

Orientering om planlagt naturtypekartlegging 2023 - Førresfjorden

Statsforvaltaren i Rogaland orienterer med dette om at det det vil bli gjennomført ei kartlegging av naturtypar¹ på eigedommen din i løpet av perioden mai - oktober 2023. Kartlegginga er en del av kunnskapsløftet for natur som blei vedteke av Stortinget i 2015. Kartlegginga er ei langsiktig, nasjonal satsing for å betre kunnskapsgrunnlaget om norsk natur. Kartlegginga vil bli utført av føretaka *Ecofact* og *Natur og Samfunn* på oppdrag frå Miljødirektoratet. Resultata vil bli publisert på digitale kart.

Kvifor kartlegg vi naturtypar?

Kartlegginga er ein langsiktig, nasjonal satsing for å betre kunnskapsgrunnlaget om norsk natur. Målet med kartlegginga er å få på plass god informasjon om naturen som kan brukast i blant anna arealplanprosessar. Ved at stadfesta informasjon om natur er tilgjengeleg tidleg i ein arealplanprosess, vil dette kunne bidra til at det vert lettare å ta omsyn til naturen, i tillegg til å bidra til effektive og føreseielege prosessar. Kartlegginga kan også vere nyttig for grunneigarar som ønsker å søke tilskot til tiltak for trua natur i kulturlandskapet.

Kva skal kartleggjast?

Ikkje all natur blir kartlagd. Kva naturtypar som skal kartleggjast er fastsette i kartleggingsinstruksen for 2023 som er gitt ut av Miljødirektoratet og denne inkluderer 111 ulike naturtypar. Dei fleste av desse naturtypepane er raudlista i Noreg, mens resten av naturtypepane skal kartleggjast fordi dei er viktige leveområde for trua og nær trua artar.

¹ Naturtype: Einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der, eller spesielle typar naturførekomstar som dammar, åkerholmar eller liknande, og dessutan spesielle typar geologiske førekomstar (henta frå naturmangfaldsloven).



Du kan lesa meir om dei ulike naturtypene på denne nettsida:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/naturtyper/>

Det blir kartlagt i alle fylka i landet og arealet som skal bli undersøkt utgjer heile 1814 km². I Rogaland skal det kartleggast 211 km², i tillegg til 19,6 km² i verneområde. Områda som skal kartleggjast kan innehalde både innmark og utmark. Resultata frå kartlegginga vil bli tilgjengeleg for alle våren 2024: Naturbase (<https://kart.naturbase.no/>) og Temakart Rogaland (<https://www.temakart-rogaland.no/>).

For kart, informasjon og nyttige lenkar om naturtypekartlegging i Rogaland i 2023:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/Naturmangfald/kartlegging-av-natur-i-rogaland-2023/>

Korleis skal områda kartleggjast?

Kartlegginga vil gå føre seg på land etter eit standardisert system som heiter Natur i Noreg (NiN). At eit område vil bli kartlagt inneber i praksis at konsulentar på oppdrag for Miljødirektoratet undersøker områda til fots og leitar etter dei 111 naturtypene fastsette i instruksjonen. Ved funn av ein naturtype vil den som kartlegg avgrensa naturtypen, notere ned observasjonar i samsvar med instruksjonen og ta bilete av naturtypen. All registrering skjer via Ipad i Miljødirektoratets eigen app "NiNapp". I sjeldne tilfelle kan det vere aktuelt å ta med små mengder plantemateriale for nærare undersøkingar og identifisering av artane ved hjelp av ulike floraer eller på eit laboratorium. Den som kartlegg vil for kvar førekomst av ein naturtype vurdere tilstanden og naturmangfaldet i denne. Vurderinga vil bli gjort etter eit fastsett system utarbeida av ei ekspertgruppe. Basert på vurderinga vil naturtypeførekomen bli gitt ein lokalitetskvalitet. Det finst fem slike kvalitetsklassar; svært låg kvalitet, låg kvalitet, moderat kvalitet, høg kvalitet og svært høg kvalitet.

Kven kan eg kontakte?

All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med reglane i friluftsløva om ferdsel og god ferdselskultur. Ved kartlegging på innmark kan det vere behov for kartleggjaren å gå på innmarksareal. Der det skal kartleggast område som inneheld innmark kan det vere behov for at den som kartlegg òg går på innmarksareal. Om det er spesielle omsyn som må takast i samband med slik ferdsel, eller du ikkje gir ditt samtykke til ferdsel på innmark eller uttak av små mengder plantemateriale, kan du ta kontakt med **Solbjørg Engen Torvik** hjå Statsforvaltaren i Rogaland på e-postadressa solbjorg.torvik@statsforvalteren.no eller på telefonnummer 51 56 88 03 snarast.

Om du er medeigar, ber me deg om å informere dei andre medeigarane. Det vert berre sendt ut eit brev per eigeidom eller eigar.

Med helsing

Einar Heegaard (e.f.)
fagleiar natur

Solbjørg Engen Torvik
rådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1 Kartleggingsområde Førresfjorden 2023